



Siril Therese Sylta

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3790 - 17/25691

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

01.11.2017

## Søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan, Knarvik Aust , ved gbnr 188/795 og 188/773

Med heimel i plan og bygningslova §19-1, søker Lindås kommune – vegavdelinga, om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan, Knarvik Aust (vedlegg 1). Dispensasjonen omhandlar avvik frå arealformålet i reguleringsplanen for å kunne forlenge eit fortau.

I samband med etableringa av redusert fartsgrense og omlegging av fartsdempande tiltak for å betre trafikkikkerheita i Lonsvegen, er det planlagt å sy saman eksisterande fortau langs kommunal veg med gbnr 188/795, langs med gbnr 188/773 til veg inn mot gravplass.

I samsvar med Statens vegvesen si handbok N100 veg- og gateutforming, kap D.2 utformingskrav er det ikkje definert ein standard for mindre utbetringstiltak eller punktutbetringar. Fortauet vil difor bli bygd som ei forlenging av det fortauet som er etablert langs delar av vegen. Skisse av fortaustrasé ligg veldagt (vedlegg 2).

Sameiget Lonsvegen 7-9 har hatt saka oppe i styret, samt på møte med bebuarane i sameiget. Det vart i begge møta vedteke å støtte tiltaket og at Lindås kommune skal få overta arealet fortauet skal byggjast på (vedlegg 3). Oppmålingsforretning vert utført når fortau er etablert.

Vegavdelinga ser berre fordelar med å etablere tiltaket.

Dette er del av gangvegssystemet mellom kyrkja og den etablerte gravplassen ved Lonsvegen. Fortauet vil sikre dette gangarealet slik at skulevegen mot nye Knarvik barneskule frå nord er samanhengande. Fortauet vil og vere del av born, unge og vaksne si gangrute mot fritids- og idrettsaktivitetar. I tillegg vil det lette ferdsel og kryssing for personar med nedsatt funksjonsevne.

Del av den kommunale eigedommen er i grensa mot gbnr 188/773 køyretøyforsterka og skal nyttast som beredskapsveg for utrykningskøyretøy. Dette arealet er pr. i dag ikkje merka av i noko kart, men ligg som vedtak i byggjesaka til 188/773.

Vegavdelinga søker om å få nytte sidearealet til Lonsvegen for å bygge vel 50m fortau, kor 16m<sup>2</sup> av arealet som skal nyttast er regulert til bustader (188/773) og dei resterande vel 130m<sup>2</sup> er kommunalt areal og regulert til anna vegareal. Arbeidet er tenkt starta i november 2017.

Med helsing

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Vedlegg 1 - Reguleringsplan - Knarvik Aust

Vedlegg 2 - Kommunale eigedomar og skisse av fortautrasè

Vedlegg 3 - Skisse - berørt eigedom og køyretøyforsterka bakke

Vedlegg 4 - E-postkommunikasjon

Vedlegg 5 - Utskrift av innkalling og møteprotokoll fra sameiermøtet 9.10.2017

**Kopi til:**

Rune Kilen

**Mottakarar:**

Siril Therese Sylta